

XIV
Draumkvædet

TORLEIV HANNAAS
Nynorsk Boksamling

Bo

Draumkvædet.

(Tilskipa av *Ivar Mortensson* etter ymse gamle uppskrifter og
noko restituera).

Fyremæling.

1.

Vil du meg lyde, eg kveda kan
um einkvan nytan drengen,¹
alt um han Olav Aasteson,
som heve sovi so lenge.

2.

Olav han var i vokstrom
han var som ein selje-runne.
Far og mor dei ant² honom vel
fraa di han tala kunde.
Aa det var Olav Aasteson,
som heve sovi so lenge.

3.

Olav han var i vokstrom
han var som ein selje-teine.
Far og mor dei ant honom vel
fraa di han kom i heimen.³
Aa det o. s. fr.

4.

So var Olav i vokstrom
som selje-teinan upp renne.
So var han i augo sjaa
som rimar-logen⁴ brenne.
Aa det o. s. fr.

5.

Han la seg ned um jol-eftan,⁵
no hev han sovi so lenge,
vakna 'kje fyrr um trettan-dagen,
daa fuglane skoke vengjom.⁶
Aa det o. s. fr.

6.

Han la seg ned um jol-eftan
sterkan svevnen fekk,
vakna 'kje fyrr um trettan-dagen,
daa folket i kyrkja gjekk.
Aa det o. s. fr.

7.

Han vakna 'kje fyrr um
trettan-dagen,
daa soli rann i lide.
„Idag vil eg til kyrkja ride,
fortelja draumane mine.“
Aa det o. s. fr.

8.

Presten stend for altaren
og les upp lestine⁷ lange.
Olav set seg i kyrkje-svali
og tel dei draumane mange.
Aa det o. s. fr.

¹ D. e.: om en eller anden dygtig kar. ² D. e. elsket. ³ D. e.: verden.
⁴ D. e.: glimtende, gnistrende lue. ⁵ D. e. jule-aftenen. ⁶ D. e. ristede
vingerne. ⁷ D. e. tekster.

163542.

9.

„No stende du for altaren
 og legg ut tekstine dine.
 So set eg meg i kyrkje-svali
 fortel av draumane mine.
 Aa det o. s. fr.

10.

Gamle menner og unge,
 gjeve aat det gaume,¹
 med han Olav Aasteson
 tel sine draumar!“
 Aa det var Olav Aasteson,
 som heve sovi so lenge.

Svevnen.

11.

Eg drakk ein drykk um jol-eftan
 sterkan svevnen fekk,
 vakna 'kje fyrr um trettan-dagen
 daa folket i kyrkja gjekk.

12.

Det var no um jol-eftan
 dei laugevatnet bar,
 daa maatte eg paa havsens botn
 med salte taarir og harde.

13.

Det var no um jol-eftan
 dei bar inn kling og kakur,
 daa maatte eg paa havsens botn
 aa sjaa med fisken vaker.

14.

Det var no um jol-eftan,
 dei bar inn øl i skaal,
 men ingen av mine venir
 kunde høyre mitt maal.

Yversyn.

15.

Eg hev vori meg upp med sky
 og ned att med havet svarte.
 Den som vil mitt fotspor fylgje
 lær 'kje av blidom hjarta.²

16.

Eg hev vori meg upp med sky
 og ned med havsens grunne.
 Den som vil mitt fotspor fylgje
 lær 'kje av blidom munne.³

17.

Eg hev vori meg upp med sky
 og ned att paa havet djupe.
 Og det kan eg for sanning segja
 at sumtid so tottest eg fjuke.

18.

Eg hev vori meg upp med sky
 og ned att paa svarte dike.
 Eg hev set aat heite Helvite
 og ein deil av Himmerike.

19.

Eg hev fari yver vigde vatnet
 og yver djupe dalar,
 er baade trøytt og ferda-mod⁴
 og endaa so maa eg fara.

20.

Eg var meg i andre heimen
 i mange næter og traa.
 Det veit Gud i Himmerik
 kor mang ei naud eg saag.

21.

Eg kan noko av kvorjom,⁵
 difor tykkjest eg frod.⁶
 Eg var longe⁷ i moldi moka
 hadd' eg tott den dauden god.

¹ D. e. agt, opmerksomhet. ² D. e. med let hjerte. ³ D. e. med smilende mund. ⁴ D. e. træt av at reise. ⁵ D. e. noget av hvert. ⁶ D. e. vis. ⁷ D. e. for længe siden.

Dori.

22.

Eg var meg i skome-heimen,¹
der ingi soli skin.
Hurdi² nurka i kaldom jønne,
og jøklane hekk i kring.
For maanen skine,
og vegine falle so vide.

23.

Hurdi nurka i kaldom jønne
og jøklane hekk i kring.
Eg totte lenger den vetter-natti
enn halve alderen min.
For maanen o. s. fr.

24.

Austan reke, skyi skjeke,
det driv saa kaldt i heide.
Betre var det heime sitja,
dei frosne tæane tøye.³
For maanen o. s. fr.

25.

Betre var det heime vera,
eta smør og braud
hell det var i heidom sitja
og lyde paa hunde-gau.⁴

26.

Eg' var meg paa Gladheims-
berget,
det føykte og det dreiv.
Daa hørde eg den kvite bikkja
i maane-ljoset gøy.

27.

Eg var meg paa Gladheims-
berget,
hugen leika so vide.
Drosine⁵ leika i hugen min,
som spunne gullet det fride.

28.

Eg var meg i andre heimen,
og ingen mann meg kjende
utan sæle gudmor mi
med raude gull i hende.⁶

Vegen.

29.

Sume fór yver Grimar-aasen
og sume yver Skaale-strand.
Men dei som fór yver Gjallar-
hylene
dei kom so vaate fram.
For maanen skine,
og vegine falle so vide.

30.

Dei som fara den øystre vegen
fara 'kje alt so skjott.
Dei koma inkje aat Geiruv-
garden⁷
fyrr drukki er ei onnor jol.
For maanen o. s. fr.

31.

Vade so hev eg dei Vaase-myran,⁸
no er eg kvitte dei.
Kjem eg meg aat Gjallar-brui,
ho er baade bratt og breid.

32.

Blaute so er dei Gagle-myran⁹
for den som skal dei gange,
høgre so ligg den Gjallar-brui,
ho tykkjest under skyi hange.
For maanen o. s. fr.

33.

Kjem eg meg aat Gjallar-brui,
ho heng so haagt i vinde.
Ho er all med gulle slegi
og saum i kvorjom tinde.
For maanen o. s. fr.

¹ D. e.: den mørke verden. ² D. e.: døren. ³ D. e.: tø. ⁴ D. e.: gjøen.

⁵ D. e.: kvindene. ⁶ D. e.: i sin haand. ⁷ Kanske for Geirøds-garden.

⁸ D. e.: De møisommelige myrer. ⁹ Gagl: graagaas.

34.

Ormen hogg og bikkja bit,
og stuten stend midt paa leidi.
Tri er tingi paa Gjallar-brui,
og alle er grame og vreide.
For maanen o. s. fr.

35.

Hunden gøyr og hanen gjel,
og stuten stend og stangar.
Det slepp ingen yver Gjallar-brui
som feller domane vrang.
For maanen skine,
og vegine falle so vide.

Fyrste Utreisa.

36.

Fyrst eg var i ut-ekste¹
eg fór yver tyrner-² mo,
sunde gjekk mi skarlaks-kaape
og neglane av kvar fot.

37.

Fyrst eg var i ut-ekste
eg fór gjenom tyrner-ring,
sunde gjekk mi skarlaks-kaape
og neglane av kvar fing.

Helvite.

38.

Der er varmt og der er kaldt
under fjello.³
Der er so tungt aa trøda dansen
med dei under moldo.
Der skine soli av
aldri varm.

39.

Inkje kneggja soten min,
inkje gøydde min hunde.
Inkje gol dei ottefuglan,
det tottest meg vera under.
Der skine o. s. fr.

40.

Kjem eg meg i den fyrste halli,
der var so underleg vore.
Alvane dansa stoga omkring,
og ormane spela etter bordet.
Der skine o. s. fr.

41.⁴

(Kjem eg meg i den andre halli,
der inne trollkjerengar sat,
mole paa so tunge steinar
monnom⁵ mold til mat).
Der skine o. s. fr.

42.

Kjem eg meg aat sysle-huset,⁶
der var troll-kjerengar inne.
Dei stod kinna i raude blod,
det var so tung ei vinne:
Det skine o. s. fr.

43.

„Det er heitt i Helvite,
og inna so mun eg brenne,
høyrer vatn og inkje fær,
under jordi so mun det renne“.
Der skine o. s. fr.

44.

Kjem eg meg aat vatni dei
der isane brunne blaa.
Gud skaut det i hugen min
eg vende meg derifraa.
Der skine soli av
aldri varm.

Andre utreisa.

45.

Det var meg den andre utreisa,
eg fór yver dyre-ring.
Sunde laut mi skarlaks-kaape
og neglane paa kvar fing.
For maanen skine
og vegine falle so vide.

¹ D. e.: ekstase, væren ute fra sig selv. ² D. e.: torne. ³ D. e.: fjeldene.

⁴ Noko frit samskipa. ⁵ D. e.: for sine mænd. ⁶ D. e.: arbeids-hus eller pinsels-hus (M. Moe).

46.

Det var meg den andre utreisa,
eg fór yver dyre-traa.
Sunde gjekk mi skarlaks-kaape
og hudi av kvar mi taa.
For maanen o. s. fr.

47.

Eg sleit sund mi skarlaks-kaape,
i dyre-ringen meg rispa.
Kome dei fram smaa-drengine
og mine fingane fesla.
For maanen o. s. fr.

48.

Eg sleit sund mi skarlaks-kaape
igjenom den dyre-traa.
Kome dei fram smaa-drengine
dei heldt under kvar mi taa.
For maanen o. s. fr.

49.

Fram kom alle smaa-drengine,
dei heldt under kvar min fot.
Den som skal mitt fotspor fylgje
maa treda so hardt imot.
For maanen o. s. fr.

50.

Tung so er den Grana-stigen
aa gange.
Men endaa verre den lindar-
ormen,
meg tykkjest i helane hange.
For maanen o. s. fr.

51.

So fekk eg fat i den hinde-ham
og sveipte den kringum min fot.
So kom ho fram den lisle hind
som jaga ormen ifraa.
For maanen o. s. fr.

52.

So gjekk eg meg den Grana-stigen,
den er so tung aa fara.
Eg maatte upp dei store klippi
og ned i berge-dalar.
For maanen o. s. fr.

53.

So saag eg den fugleflokk
som orne-fjøri bar.
Men den som mine fotspor fylgjer
han blir so sjeldan glad.
For maanen skine
og vegine falle so vide.

Helheimen.

54.

Eg saag meg einom drengen
det fyrste eg vart ved.
Han bar eit baan paa armen sin
og vassa i jord til knes:

55.

„Eg hadde meg ein gong
eit lite baan
og vilde 'kje med det kanne.¹
Difor lyt eg i denne heimen
lide den store vande.“

56.

Kjem eg meg aat mannen den
kaapa den var blod.
Gud naade dei synduge saaline²
her kunde for runine raa:

57.

„Sutine og sorgine
det blandast alt til saman.
Auga lær, og hjarta græte.
det er so lite gaman.

¹ D. e.: kjendes ved det. ² D. e.: sjæler.

58.

Sutine og sorgine
dei dreg eg under min sko.
Di gladare skal eg halda meg,
di meir det gjeng meg imot.“

59.

Kjem eg meg aat mannen den,
kaapa den var bly.
Hans arme saal i denne heimen
var trong i dyre tid:

60.

„Sæl er den i fødes-heimen¹
konn-maalet den kan auke,
han tarv ikkje ræddast
i andre verdi.
for store hundegaulet.

61.

Sæl er den i fødesheimen
vegt og maal inkje vrakar.
Han tarv inkje ræddast
i andre verdi
i ørneklør aa taka“.

62.

Kjem eg meg aat monnom dei
dei bar paa gloende jord.
Gud naade dei fatige saaline,
dei flutte deilder i skog:

63.

„So er det: i denne heimen
du snakar jord av andre,
so maa du i andre heimen
lide so stor ein vande.“

64.

Kjem eg meg aat bonnom dei,
dei stod so høgt uppaa glo.
Gud naade dei synduge saaline
hadde banna burt far og mor.

65.

Kjem eg meg aat padda og ormen,
dei hogde kvarandre med tanne.
Det var dei synduge systkjeni
som hadde kvarandre banna:

66.

„Ingen fulen flyge so høgt
som ørni med sine ungar.
Og ingen ormen sting saa saart
som beiske manna-tunga.“

67.

So møtte eg dei ormane tvo,
dei bite kvarandre i sporde.
Det var dei syndugesystkjenbonni,
som gifte kvarandre paa jordi.

68.

So fór eg fram den gagle-veg,
han var so vond aa gange.
Fram kom alle smaa bonni²
under mine føter hange.

Paradis.

I.

69.

So tok eg paa ein vette-stig
alt paa mi høgre hand.
Der saag eg til Paradis,
det lyser yver vene land.
Uppetter med aa
der renne dei urtine brune og blaa.

70.

Vent meg tottest i rosenlund,
i dei djupe dalar.
Lykilen syng og løva spring
og fagraste gaukane gala.

71.

Vent meg tottest der aa vera
der drotten dansar med drengjom.
Gauken gol i grøne lund
og fuglane skóke vengjom.

¹ D. e.: den verden hvor man er født. ² Det stend; smaa-drengine.

72.

Gauken er graa, hangjel um vaarom
og lød det det fér so vide.
Det er fulla godt aa vera der
som alle svarar med blide.

73.

Lerka ho synge (der) so søtt
yver ved og tre.
Og alle fuglar byggjer og bur,
med folki blidende lær.

74.

Lerka ho synge (der) so søtt
yver berg og djupe dalar.
Alle fuglar byggjer og bur
og med kvarandre talar.

75.

So sat eg under ei lindegrein
som fuglane hadde sitt reir.
Men her maa inkje nokon vera
som (gjere fuglane) mein.

76.

So sat eg under ei lindegrein
som fuglane hadde si føde.
Men den maa inkje gjera mein
som fuglane gjer til nøgjes.

77.

Eg totte det, naar eg hera sat,
som eg sat uti solskin bjarte.
Sæl er den som her kjem inn,
han gledest i hug og hjarta.

II.

78.

Vent er det ved Vinnings-kyrkja,
naar bruri ho kjem inn.
Dei tarv inkje bry seg for ljosi bera,
det lyser av blome-kinn.

79.

Vent er det ved Vinnings-kyrkja,
naar brurine gjeng i flokkar.
Dei tarv inkje bry seg for ljosi bera,
det lyser av brure-lokkar.

80.

Haaret ha' dei som tiritunga,
og halsen var som mjell.
Augo var i hausen sjaa
som soli rann uppaa fjell.

81.

Kjem eg meg aat pilegrims-kyrkja,
der var meg ingen kjende,
berre ho gode gudmor mi
med raude gullband kring hende.

82.

Kjem eg meg aat pilegrims-kyrkja,
der var meg ingen god,
berre ho gode gudmor mi,
ho gav meg nye sko:

83.

„Sæl er den i denne heimen
den fatige gjeve klæde,
han tarv inkje i andre heimen
anten bivre hell skjelve.
Tunga talar, og sanning svarar
paa domedag.

84.

Sæl er den i fødes-heimen
fatige gjeve braud.
Han tarv 'kje ræddast
i andre heimen
for horske hunde-gau.¹

85.

Sæl er den i fødes-heimen
fatige gjeve konn.
Han tarv 'kje ræddast
paa Gjallar-brui
for kvassc stute-honn.

¹ D. e. sinte hunders gjøen.

86.

Sæl er den i fødes-heimen
fatige gjeve sko.
Han tarv inkje berrføtt gange
paa kvasse tyrner-mo.

87.

Sæl er den i fødes-heimen
fatige laaner hus.
Han tarv 'kje ræddast
i andre heimen
for høyre paa ulve-tot.

88.

Sæl er den i fødes-heimen
fatige gjeve ku.
Han tarv kje ræddast
i fugle-flokken
um ørni krøkjer si klo.

89.¹

(Sæl er den i fødes-heimen
fatige gjeve grid.
Han tarv 'kje ræddast
i Brokk-svalin
at vegti skal halle ned).
Tunga talar, og sanning svarar
paa domedag.

90.

Daa saag eg atte gudmor mi,
meg munde 'kje betre gange:
„Reis du deg til Brokk-svalin,
der skal domen stande“.

Domen.

91.

Der kom ferdi nordantil,
og den reid no so kvasst.
Fyre reid Grutte Graaskegge
alt med sit store brass.²
I Brokksvalin
der skal domen stande.

92.

Der kom ferdi nordantil,
det tottest meg vera verst.
Fyre reid *Grutte Graaskegge*,
han reid paa svartan hest.

93.

Der kom ferdi sunnantil,
det tottest meg vera best.
Fyre reid sankte *Saale-Mikkjel*,³
han reid paa kvitah hest.

94.

Der kom ferdi sunnantil,
og den reid no so tvist.⁴
Fyre reid sankte Saale-Mikkjel
næste Jesum Krist.

95.

Der kom ferdi sunnantil,
ho tottest meg vera traad.
Fyre reid sankte Saale-Mikkjel,
og luren under armen laag.

96.

Det var Sankte Saale-Mikkjel
han bles i luren lange:
„Aa, no skal alle saaline
fram for domen gange“.

97.

Men daa skolv dei synde-saaline
som ospelauv i vinde.
Og kvar den, kvar den saal der var,
ho gret for syndine sine.

98.

Det var sankte Saale-Mikkjel,
han vog i skaale-vegt.
So vog han alle synde-saaline
burt til Jesum Krist.
I Brokksvalin
der skal domen stande.

¹ Frit. ² D. e.: fylgje. ³ D. e.: Sjæle-Mikael. ⁴ D. e.: tyst.

Heimferd.

99.

So var eg uppaa den berge-topp
som skorpejonen mun fara.
Men det vøre største gleda mi
aa vera der gaukane gala.

100.

So saag eg den fugle-flokk
som alle paa meg søkte;
men endaa verre den store fuglen,
som ørnekløar krøkte.
For maanen skine.
Og soli skine.
Og vegine falle so vide.

101.

Eg var som ein fugl i bur
som gjerne vil vera fri.
Det veit ingen livandes
(kva ein i verdi skal lide.¹)

102.

Eg er nok inkje den einaste
som sterke svøvnen fanga
som den einslege fugl paa kvist
i fugle-buret (maa ganga.²)

103.

So saag eg den fugle-flokk
i lindegreinine fara:
„Gud gjeve eg maatt'
i min faders gard
faa full-ende mine dagar.“

[Ein engel talar:]

104.

„Vakre deg Olav Aasteson,
no hev du sovi so lenge.
Folket hev i kyrkja gjenge
og fuglane skaka vengir.
Statt upp Olav Aasteson,
som heve sovi so lenge!“

105.

„Det var aarle um morgoen.
soli ho rann i lide,
eg sprette paa meg beltet mitt,
det glima i verdi so vide.“

106.

Som eg kom meg aat kyrkje-led
eg studde meg ned aat stette,
so mange som paa mitt belte saag
dei lyfte paa hått og hette.“

107.

Gamle menner og unge
dei gjev aat det gaume.
Det varanolav aaste-on
no hev han fortalt sine draumar.
„I villande heid,
i Rodelandom
der kjenner dei meg.“

¹ Frit. ² For: bli fanga i opskriften.

Helsing fraa Juan Mathenssen



Handwritten address:
Helsing
f. O. Mathenssen
Bergen

Handwritten text:
Skjæmtede
Nansen

Handwritten text:
4/10

Handwritten text:
1877

